

Samarbeidsavtale for

Idrettscampus Bergen

2019-2020



BERGEN
KOMMUNE



HORDALAND
FYLKESKOMMUNE

NORGE



Høgskulen
på Vestlandet



HELSE BERGEN
Haukeland universitetssykehus



UNIVERSITETET I BERGEN

Deltakarane i Idrettscampus Bergen (heretter omtalt som «Aktørane» og «Idrettscampusen») er einige om følgjande punkt:

1. Bakgrunn og formål

Gjennom Idrettscampus Bergen ønskjer aktørane å samarbeide tettare og meir koordinert for å realisere potensielle synergieffektar og byggje opp om felles mål innanfor aktuelle strategiske område.

Hovudmålet til Idrettscampus Bergen er å styrke samhandlinga kring idrett, fysisk aktivitet og folkehelse i Hordaland gjennom å etablere møteplassar for kompetanseutvikling og -formidling. Idrettscampusen skal vere eit senter for samspel og nyskaping mellom Aktørane, publikum og andre interessentar. Ein viktig del av samarbeidet handlar om å bidra til at Aktørane får brukt sine fysiske, menneskelege og økonomiske ressursar på beste moglege måte for dei sjølve og samfunnet.

Føremålet med samarbeidsavtalen er å vidareutvikle Idrettscampus Bergen og samarbeidet over dei neste to åra, og i større grad forplikte Aktørane til å bidra med ressursar for å sikre framdrift og auka aktivitet i Idrettscampus Bergen. Alle aktørane har samstundes eit langsiktig perspektiv for utviklinga av Idrettscampus Bergen, som strekk seg ut over den aktuelle avtaleperioden.

Det er eit mål om å snarast mogleg få utarbeida ei framtidig organisering av Idrettscampus der dei involverte Aktørar forpliktar seg med faste ressursar (midlar, personar, osv.). Det føreset at dei deltakande Aktørane sine bidrag forankrast formelt i dei styrande organa slik at drift og utvikling av Idrettscampus i eit langsiktig perspektiv kan bli meir føreseieleg.

2. Immaterielle rettar (IPR)

Ingen av aktørane kan avgrense bruken av eller krevje eigarskap til eventuelle immaterielle rettar (IPR) som er utvikla eller skapt i eit prosjekt som er gjennomført innanfor Idrettscampusen, med mindre dette er regulert særskild i ein eigen prosjektavtale.

3. Organisering

Idrettscampusen er ikkje ein eigen juridisk person.

Idrettscampusen skal ha ei styringsgruppe og ein dagleg leiar.

3.1 Styringsgruppa

Styringsgruppa skal bestå av *éin* medlem frå kvar av Aktørane. Aktørane vel sjølve sin eigen medlem. Medlemmet frå Hordaland fylkeskommune er leiar for styringsgruppa og representanten frå Bergen kommune er nestleiar.

Styringsgruppa har det overordna ansvaret for drifta av Idrettscampusen, og bestemmer organiseringa av idrettscampusen, budsjett, overordna planar og strategi.

Styringsgruppa er vedtaksfør når minst halvparten av medlemmane er til stades. Styringsgruppa gjer vedtak med simpelt fleirtal. Ved stemmelikheit har fungerande leiar dobbeltstemme.

Styringsgruppa sin leiar skal etter behov kalle inn styringsgruppa til møter med rimeleg varsel. Sakliste og nødvendige underlag for behandling av sakene skal følgje med innkallinga.

3.2 Dagleg leiar

Styringsgruppa peikar ut ein dagleg leiar.

Dagleg leiar har ansvaret for den daglege leiinga av Idrettscampusen, og skal drive fram prosjekt og vedtekne tiltak.

Dagleg leiar er underlagt styringsgruppa og skal rapportere til den. Dagleg leiar skal vere til stades på møte i styringsgruppa.

3.3 Arbeidsgruppa

Idrettscampusen skal ha ei arbeidsgruppa der kvar av Aktørane er representerte.

Arbeidsgruppa følgjer opp prosjekt, gir råd og støttar dagleg leiar og rapporterer til eigen organisasjon.

4. Ressursar og økonomiske forhold

Idrettscampusen skal vere finansiert og driven gjennom deltakarinnskot, støtteordningar/ekstern finansiering og eigeninnsats.

Avtalen føreset at alle Aktørane stiller ressursar til råde for å realisere planane styringsgruppa har vedteke å gjennomføre. For å sikre tilstrekkeleg kapasitet og kompetanse med meir til gjennomføring av større prosjekt, skal Aktørane inngå ein prosjektavtale der ressursane Aktørane skal bidra med er spesifiserte. Større prosjekt kan vere prosjekt der éin eller fleire av Aktørane må bidra med ressursar (monetære, fysiske, menneskelege eller andre typar ressursar) ut over det som er nødvendig for ordinær drift av Idrettscampusen.

5. Aktørane sine rettar og plikter

Aktørane er einige om å samarbeide i Idrettscampusen for å oppnå utvikling og innovasjon innanfor dei strategiske områda bestemt i den til ei kvar tid gjeldande strategien. Aktørane har eit felles ansvar for å nå måla for Idrettscampusen.

Aktørane er einige om at alle aktivitetane i Idrettscampusen skal ha nytteverdi for minst to av Aktørane, men fortrinnsvis så mange som mogleg. Aktørane skal bidra aktivt i aktivitetane i Idrettscampusen.

Aktørane er einige om at aktivitetar i Idrettscampusen sitt namn skal vere konkurransenøytrale i den forstand at aktivitetane ikkje skal konkurrere med den enkelte Aktøren si marknadsverksemd.

6. Teieplikt

Informasjon som Aktørane blir kjend med i samband med denne avtalen er ikkje underlagd teieplikt med mindre teieplikta er særskilt avtalt.

Ei eventuell teieplikt gjeld òg etter at avtaleperioden for denne avtalen er gått ut.

7. Misleghald

Avtalen er misleghalden dersom ein av Aktørane ikkje oppfyller sine plikter slik dei er skildra i denne avtalen, og det ikkje skuldast forhold som ein annan Aktør er ansvarleg for eller force majeure.

Om avtalen er misleghalden, skal styringsgruppa gi den Aktøren som har misleghalde avtalen skriftleg varsel om misleghaldet og rimelig frist til å bringe forholdet i orden. Om forholdet ikkje blir brakt i orden innan fristen, har styringsgruppa rett til å ekskludere Aktøren som har mislegheldt avtalen med augeblikkeleg verknad. Ein slik eksklusjon skal skje skriftleg.

Ved ein eventuell rett til erstatning for misleghald av denne avtalen, skal ordinære erstatningsrettslege reglar gjelde.

8. Endring av aktørane i samarbeidet

Det er lagt til grunn at aktørane er med gjennom heile avtaleperioden. Ein Aktør kan likevel tre ut av Idrettscampusen med *tre månaders* skriftleg varsel til styringsgruppa.

Nye aktørar kan tre inn i Idrettscampusen dersom styringsgruppa godkjenner dette. Nye aktørar må tiltre denne avtalen og eventuelle andre avtalar som måtte gjelde for Idrettscampusen.

9. Endring til foreining eller anna organisasjonsform

Dersom styringsgruppa ønskjer at Idrettscampusen skal vere organisert som ei foreining eller ha ei anna organisasjonsform, skal styringsgruppa utarbeide stiftingsdokument og vedtekter som skal erstatte denne avtalen.

10. Lokalisering

Idrettscampusen skal ha hovudkontor i Idrettens hus. Dagleg leiar skal også prioritere å jobbe hos dei ulike aktørane i periodar.

11. Varighet, endring og opphør av avtalen

Denne avtalen trer i kraft når han er signert av alle Aktørane, og er gjeldande fram til og med desember 2020.

Styringsgruppa kan endre avtalen med $\frac{3}{4}$ fleirtal.

Ved opphør av denne avtalen har styringsgruppa ansvar for avviklinga av samarbeidet.

12. Lovval og verneting

Denne avtalen er regulert av norsk rett.

Aktørane skal forsøke å finne minnelege løysingar på eventuelle tvistar. Dersom dette ikkje lukkast, kan kvar av Aktørane bringe tvisten inn for domstolane for avgjerd. Oslo tingrett er verneting med mindre anna følgjer av norsk lov.

13. Signering

Denne avtalen blir signert i fellesskap mellom Aktørane. Kvar av aktørane vil få ein skanna versjon av avtalen.

Bergen, 11.mars 2019




Hordaland idrettskrets



Helse Bergen



Sportsklubben Brann



Høgskulen på Vestlandet



Olympiatoppen Vest



Bergen kommune



Hordaland fylkeskommune



Universitetet i Bergen